

## Rundskriv

Alle departementa  
Statsministerens kontor

Nr.	Vår ref	Dato
R-10/2024	24/6145-	4. desember 2024

### Rapportering til statsrekneskapen for 2025

#### 1. Innleiing og innhald

Rundskrivet inneheld fristar og krav til rapporteringa til statsrekneskapen for 2025.

I pkt. 3 er det gjeve fristar for rapporteringa til statsrekneskapen for 2025. Pkt. 4 handlar om krav til rapportering til statsrekneskapen for ordinære statlege forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemder) og statens forvaltningsverksemder. Pkt. 5 handlar om rapportering til statsrekneskapen for verksemder med særskilde fullmakter til bruttoføring utanfor statsbudsjettet (nettobudsjetterte verksemder) og statlege fond. Pkt. 6 handlar om krav og fristar for 2025 for nettobudsjetterte verksemder til å rapportere rekneskapsdata som tilleggsinformasjon til statsrekneskapen i P-rapport. Bruken av informasjon frå statsrekneskapen er omtalt i pkt. 7. I pkt. 7.2 er det gitt ei kort omtale av det utvida innhaldet i den månadlege publiseringa av statsrekneskapen og tilleggsinformasjonen for dei nettobudsjetterte verksemdene.

#### 2. Verkeområdet for rundskrivet

Rundskrivet gjeld for statlege forvaltningsorgan, medrekna departement, jf. reglement for økonomistyring i staten § 2. Forvaltningsorgan omfattar bruttobudsjetterte verksemder, nettobudsjetterte verksemder og statens forvaltningsverksemder. Disse er heretter kalla verksemder. Det vert presisert at rundskrivet òg gjeld ved forvaltning av statlege fond.

### 3. Fristar for å rapportere til statsrekneskapen for 2025

Fristar for S- og L-rapport for brutto- og nettobudsjetterte verksemder:

Periode	Frist	Periode	Frist
1.1. – 31.01.2025	21.02.2025	1.1. – 31.07.2025	15.08.2025
1.1. – 28.02.2025	14.03.2025	1.1. – 31.08.2025	15.09.2025
1.1. – 31.03.2025	15.04.2025	1.1. – 30.09.2025	15.10.2025
1.1. – 30.04.2025	15.05.2025	1.1. – 31.10.2025	14.11.2025
1.1. – 31.05.2025	16.06.2025	1.1. – 30.11.2025	15.12.2025
1.1. – 30.06.2025	15.07.2025	1.1. – 31.12.2025	19.01.2026

### 4. Rapportering frå bruttobudsjetterte verksemder og forvaltningsverksemder (S-rapport)

#### 4.1 Rekneskapsrapport

Bruttobudsjetterte verksemder og forvaltningsverksemder skal kvar måned, og innan fristane i pkt. 3, sende inn rekneskapsrapportar<sup>1</sup> etter kontantprinsippet med akkumulerte tal for den perioden rekneskapen omhandlar (S-rapport).

Rekneskapsrapportar til statsrekneskapen skal innehalde rekneskapslinjer etter følgjande struktur (sjå vedlegg 1 for meir informasjon):

- statskonto
- artskonto
- beløp
- fullmakt

Rekneskapsrapporten skal innehalde *statskonto* og *artskonto* etter følgjande definisjonar:

- *Statens kontoplan*: Ei standardisert inndeling av statsbudsjettet og statsrekneskapen i utgifter, inntekter, egedelar, gjeld og eigenkapital.
- *Statskonto*: Kontoar i statens kontoplan som skal inngå i rapporten til statsrekneskapen, jf. rundskriv R-101.
- *Standard kontoplan*: Ein felles, standard kontoplan som verksemdene skal bokføre på i sine rekneskap. Standard kontoplan er fastsett på eit obligatorisk siffernivå og delar inn og grupperer verksemdene sine utgifter/kostnader, inntekter, egedelar og gjeld etter art.
- *Artskonto*: Kontoar i standard kontoplan på obligatorisk siffernivå som skal inngå i rapporten til statsrekneskapen, jf. rundskriv R-102.

Kvar rekneskapsline skal innehalde fullmakt til postering på statskonto. Verksemda skal normalt nytte *eiga fullmakt*<sup>2</sup> (Z1) når posteringa har heimel i tildelingsbrev til verksemda, og

<sup>1</sup> Den einskilde verksemda vil normalt sende ein rapport til statsrekneskapen. Einskilde verksemder *kan* ha valt å organisere seg med fleire rekneskapsførarar, til dømes regionalt, slik at det vert sendt fleire rapportar til statsrekneskapen kvar måned.

<sup>2</sup> Verksemder som er omfatta av nettoføringsordninga for budsjettering og rekneskapsføring av statleg betalt meirverdiavgift, skal bruke *eiga fullmakt* (Z1) ved rapportering av betalt meirverdiavgift på kap. 1633, post 01. Dersom ei verksemd får belastningsfullmakt på ein budsjettpost (01-49) som inngår i nettoføringsordninga, kan betalt meirverdiavgift ved bruk av fullmakta rapporterast på kap. 1633, post 01 ved å nytte *belastningsfullmakt* (Z2), jf. rundskriv R-101. Dette gjeld òg dersom verksemda ikkje er omfatta av nettoføringsordninga.

når posteringa gjeld statskontoar som er tilvist verksemda eller er felles og opne for alle verksemder (sjå vedlegg 2). Ved postering på andre statskontoar skal *belastningsfullmakt* (Z2) nyttast. Sjå vedlegg 1 og R-111 punkt 3 for meir informasjon om belastningsfullmakter.

Forvaltningsverksemdene og Statens direkte engasjement i petroleumsverksemda (SDØE) skal for post 24 Driftsresultat i tillegg rapportere på underpostar.

Rekneskapsrapporten skal sendast elektronisk til statsrekneskapen. Nærare detaljar om rekneskapsrapporteringa til statsrekneskapen finst på <https://dfo.no/fagomrader/statlig-regnskap/rapportering-til-statsregnskapet>.

Etter at verksemda har sendt inn rekneskapsrapporten skal ho hente avstemmingsliste frå statsrekneskapen og kontrollere at posteringane i statsrekneskapen er i samsvar med rekneskapen som er rapportert inn. Ved avvik skal feilen rettast etter dialog med DFØ. Avstemminga skal dokumenterast. Sjå pkt. 4.3 om avstemming av mellomvære med statskassa.

#### **4.2 Om rapportering av mellomvære med statskassa**

Kvar rekneskapsfører<sup>3</sup> er tildelt kvar sin 6-sifra statskonto for mellomværet med statskassa. Transaksjonar på balansekontoar, omtalt i Finansdepartementets rundskriv R-101, punkt 5.1.1, skal i S-rapporten rapporterast på statskontoen for mellomvære med statskassa, kontogruppe 70, 71 og 72, jf. vedlegg 1. Balansekontoane skal òg vere spesifiserte med artskonto etter standard kontoplan på obligatorisk nivå. Mellomvære med statskassa er eit uttrykk for unntak frå kontantprinsippet i høve til statsbudsjettet og statsrekneskapen. Meir detaljert rettleiing for rekneskapsføring av mellomværet med statskassa er tilgjengeleg på DFØ sine [nettsider](#).

Statskontoen for mellomværet med statskassa skal vere spesifisert med artskonto<sup>4</sup> 1980 for inngående behaldning (IB) og artskontoar for behaldningar av fordringar og gjeld ved utgangen av rapporteringsperioden.

For nærare omtale av artskonto 1980 *Mellomvære med statskassa*, sjå rettleiing til standard kontoplan og omtale av kontogruppe 19. Her vert òg overføring av balansekontoar til nytt år omtalt, jf. <https://dfo.no/fagomrader/statlig-regnskap/standard-kontoplan-statlige-virksomheter>.

Sjå vedlegg 3 for meir informasjon om saldo på oppgjerskontoar ved årets slutt.

#### **4.3 Avstemming av mellomværet med statskassa**

Avstemming av mellomværet med statskassa skal dokumenterast ein gong i månaden. Det følgjer av *Bestemmelser om økonomistyring i staten* (bestemmelsene) pkt. 3.5.1 og 4.4.6.

---

<sup>3</sup> Sjå fotnote 1 om rekneskapsrapport og rekneskapsfører.

<sup>4</sup> Bruttobudsjetterte verksemder nyttar artskonto 1980, medan forvaltningsverksemdene nyttar artskonto 1970.

Verksemdene skal dokumentere balansen og avstemme og spesifisere rapporterte tal. Avstemminga og spesifikasjonen skal omfatte alle balansekontoar.

Utgåande balanse for mellomværet med statskassa for ein aktuell periode kjem fram slik i statsrekneskapan:

Inngåande balanse per 1.1.	
+ Netto endring i mellomvære for rapporteringsperioden	
= Utgåande balanse for rapporteringsperioden	

Saldo på konto for mellomvære med statskassa skal spesifiserast på relevante artskontoar i kontoklasse 1 *Eigedelar* og kontoklasse 2 *Statens kapital og gjeld* ved rapportering til statsrekneskapan. Verksemdene pliktar å kunne dokumentere beløpa som inngår i mellomvære med statskassa.

#### **4.4 Handtering av feil i rekneskapsåret og ved årsavslutning**

Dersom den periodevise kontrollen og oppfølginga mot statsrekneskapan for januar til november avdekkar feil eller manglar, skal verksemdene ta dette opp med DFØ slik at feilen kan korrigerast innan fristen for neste rekneskapsrapportering.

Rekneskapsrapporten frå den einskilde verksemda per 31. desember 2025, med rapporteringsfrist 19. januar 2026, skal vere ein komplett rekneskap utan kjende feil eller manglar. Dei einskilde departementa må understreke for dei underliggjande verksemdene at eventuelle feil og manglar som vert identifiserte i rekneskapan skal rapporterast til DFØ og korrigerast fortløpande. Som hovudregel skal dette gjerast før neste rekneskapsrapportering og slik at rekneskapsrapporten per 31. desember 2025 med førebels statsrekneskap for 2025 vert korrekt.

Eventuelle omposteringar i periode 13 kan fyrst gjerast etter at førebels rekneskap per 31. desember er ferdig og send ut frå DFØ til departementa. Sjå punkt 3.2.1 i R-8/2024 for detaljar.

#### **4.5 Ved omorganisering**

Når rekneskapsførarar vert overførde frå eit departement til eit anna, eller når rekneskapsførarar skal samlast i større einingar, eller vert delte opp, får det konsekvensar for mellomvære som dei har med statskassa.

Når dette skjer skal verksemdene kontakte DFØ så tidleg som mogleg for avklaring av korleis overføring av mellomvære og/eller opphøyr av mellomvære skal handsamast.

Eventuelle endringar i oppgjerskontoar i Noregs Bank i samband med omorganisering må òg takast opp med DFØ, sjå rundskriv R-104. Det går fram at når verksemda endrar namn eller organisasjonsnummer, skal overordna departement orientere DFØ.

## **5. Rapportering frå nettobudsjetterte verksemder og statlege fond (L-rapport)**

For nettobudsjetterte verksemder og statlege fond vert det rapportert ein likvidrapport (L-rapport) til statsrekneskapen med likvidbevegelsen på oppgjerskonto i Noregs Bank, jf. bestemmelsene pkt. 3.5.4 og 3.5.6. Bankbalansen skal vere avstemd med rekneskapen til verksemda eller fondet før L-rapporten vert rapportert til statsrekneskapen.

Fristane for å levere L-rapport til DFØ går fram av pkt. 3. Rapporten skal innehalde banksaldo og bankbevegelse på statskonto og artskonto (sjå vedlegg 4 for detaljar).

Innhaldet i rapporten vert kontrollert ved handsaminga i mottakssystemet i statsrekneskapen. Kontrollen omfattar mellom anna nytta konto, saldo på konto i Noregs Bank og status på rapporteringa. Når mottakssystemet godtar ein L-rapport, vert rapporteringsstatus sett til «data validert ok». Den som rapporterer får ei kvittering på e-post som syner om rapporten er kontrollert og funne i orden. Dersom L-rapporten vert avvist syner kvitteringa ei feilmelding. Etter godkjend rapportering kan verksemda òg hente opp ei kvittering i mottakssystemet som syner sjølv L-rapporten. Denne syner periodens innrapporterte endring på statskonto 81/82xxxx med artskonto 238, i tillegg til periodens inngåande og utgåande balanse (IB og UB), sjå vedlegg 4. Motpost til statskonto 81/82xxxx vert automatisk postert på statskonto 600110 med artskonto 196 i statsrekneskapen.

For nettobudsjetterte verksemder og fond vert behaldninga på oppgjerskontoane ført over til nytt år, jf. pkt. 4.2 og vedlegg 3.

## **6. Resultat- og balanserapport for nettobudsjetterte verksemder (P-rapport)**

### **6.1 Månadleg resultat- og balanserapport for nettobudsjetterte verksemder**

Nettobudsjetterte verksemder skal i tillegg til L-rapport, kvar månad og ved årsslutt, og innan fristane i pkt. 6.2, sende inn resultat- og balanserapportering med akkumulerte tal til og med den perioden rekneskapen omhandlar, jf. bestemmelsene pkt. 3.5.4. (Sjå òg vedlegg 5 om innhald i P-rapporten). Rapporteringa vert nytta som tilleggsinformasjon i den månadlege publiseringa på nettsida [Statsregnskapet.no](https://statsregnskapet.no), jf. pkt. 7.2.

Nettobudsjetterte verksemder er pålagde å føre periodisert rekneskap etter dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), jf. bestemmelsene pkt. 3.3.2. Det følgjer av bestemmelsene pkt. 4.4.2 og 3.3.2 at bokføringa av verksemdsrekneskapen må vere à jour ved avlagd årsrekneskap og ved rapportering av rekneskap etter SRS gjennom året, etter fristar fastsette av overordna departement.

Det er ein føresetnad at verksemdene gjer einskilde periodiseringar før innsending av P-rapport. Verksemdene skal som eit minimum vere à jour med rekneskapsføringa av:

- inn- og utbetalingar (alle bankkontoar skal vere avstemt\*)
- ordinær løn og feriepengar
- avskrivningar av anleggsmidlar
- vesentlege kostnader som normalt gjeld fleire rekneskapsperiodar (husleige m.m.)
- inntekt frå løyving\*\*

\* Oppgjerskonto i Noregs Bank skal vere avstemt før innsending. Verksemda skal bokføre eventuelle avvik mot artskonto 280, slik at saldoen på artskonto 196 stemmer med oppgjerskonto i Noregs Bank. Det er maskinell kontroll av dette i mottakssystemet, og ved avvik vil ikkje rapporten verte godkjend. Saldo må då rettast, og ein må sende inn P-rapporten på ny.

\*\* Det er ikkje krav om at prosjektrekneskap skal vere à jour ved kvar månadsrapportering, men verksemdar som har større prosjekt bør inntektsføre inntekt frå løyving og inntekt frå tilskot og overføringar på eit aggregert nivå, slik at resultateffekten for prosjekta samla vert nær null.

Krav til P-rapport følgjer av bestemmelsene pkt. 3.5.4.

## 6.2 Fristar for P-rapport for nettobudsjetterte verksemdar

Fristane for den månadlege rapporteringa av tilleggsinformasjonen gjennom P-rapporten er gjennomgåande sette ca. 5 dagar seinare enn fristane for L- og S-rapporten i pkt. 3. Av omsyn til årsavslutninga og overgang til nytt år er det unntak for fristane for rapportane for januar, februar og desember.

Som følgje av overlappande fristar for siste rekneskapsperiode i føregåande året og dei to fyrste rekneskapsperiodane i nytt år, er det lagt til rette for rapportering på fleire samtidige opne rekneskapsperiodar. Sjå DFØ sine nettsider for meir informasjon om når periodane opnar.

Periode	Frist	Periode	Frist
1.1. – 31.01.2025	19.03.2025 <sup>*)</sup>	1.1. – 31.07.2025	20.08.2025
1.1. – 28.02.2025	21.03.2025 <sup>*)</sup>	1.1. – 31.08.2025	19.09.2025
1.1. – 31.03.2025	22.04.2025	1.1. – 30.09.2025	20.10.2025
1.1. – 30.04.2025	20.05.2025	1.1. – 31.10.2025	20.11.2025
1.1. – 31.05.2025	20.06.2025	1.1. – 30.11.2025	19.12.2025
1.1. – 30.06.2025	21.07.2025	1.1. – 31.12.2025	19.03.2026 <sup>**) )</sup>

Frist for P-rapport for periode 12 føregåande år (1.1.- 31.12.2024) er 19.3.2025, jf. rundskriv [R-10/2023](#).

Verksemdene må merke seg at årsrekneskapen for 2024 skal vere avlagt før dei kan sende inn resultat og balanserapport (P-rapport) for perioden 1.1. - 31.12.2024.

<sup>\*)</sup> Verksemdene må få med *endeleg* inngåande balanse til 2025 i rapporteringa for januar og februar 2025, altså etter at årsrekneskapen for 2024 er avlagt.

<sup>\*\*) )</sup> For periode 12 i 2025 gjeld det same som nemnt over for årsrekneskapen for 2024. Årsrekneskapen for 2025 skal vere avlagt før verksemdene kan sende inn resultat og balanserapport (P-rapport) for perioden 1.1 – 31.12.2025.

## **7. Bruken av rekneskapsinformasjonen i statsrekneskapen**

### **7.1 Primær bruk av S-rapport frå bruttobudsjetterte verksemder og forvaltningsverksemder og L-rapport frå nettobudsjetterte verksemder og fond.**

Når rapportane frå dei statlege verksemdene og rekneskapsførarane er mottekne, utarbeider DFØ kvar månad ein samla løyvingsrekneskap over budsjettkapitla til kvart departement. DFØ sender dei samla løyvingsrekneskapane til departementa. Når året er slutt, utarbeider DFØ ein endeleg løyvingsrekneskap og kapitalrekneskap som inngår i Meld. St. 3 om statsrekneskapen.

I tillegg til den primære bruken av statsrekneskapsinformasjonen i budsjettoppfølginga og i Meld. St. 3, har statsrekneskapen to andre sentrale bruksområde.

For det fyrste hentar Riksrevisjonen detaljert rekneskapsinformasjon frå statsrekneskapen. Informasjonen vert nytta i den årlege revisjonen og kontrollen med statsrekneskapen og revisjonen av rekneskapen i dei einskilde statlege verksemdene, jf. lova om Riksrevisjonen (lov 2004-05-07-21).

For det andre vert rekneskapsinformasjonen send til Statistisk sentralbyrå (SSB) som utarbeider nasjonalrekneskapen og statistikk om offentlege finansar. SSB utfører òg Noregs plikter knytt til internasjonal rapportering. SSB får tal frå statsrekneskapen kvar månad. Rapporteringa er basert på ein avstemt statsrekneskap som er spesifisert på kapittel/post-nivå, dvs. det same nivået som vert rapportert i meldinga til Stortinget.

SSB får i tillegg informasjon om dei einskilde rekneskapsrapportane som utgjer statsrekneskapen med rapportert rekneskap per rekneskapsførar som syner kapittel/post, artskonto, jf. rundskriv R-102, og rapportert underpost for kvar eining med utgiftspost 24 (forvaltningsverksemder), jf. rundskriv R-101.

### **7.2 Publisering av månadleg statsrekneskap**

DFØ publiserer kvar månad på sine nettsider ein førebels løyvingsrekneskap for utgifter og inntekter på kapittel/post.

I tillegg vert månadleg rekneskap etter standard kontoplan publisert på DFØ sine heimesider ved ei rådatafil som omfattar heile løyvingsrekneskapen. Fila inneheld òg alle kapittel og postar, verksemd, fagdepartement for den einskilde budsjettpost, og ansvarleg departement for den rapporterende verksemda.

For månadene januar til november vert rekneskapen lagt ut fyrste arbeidsdag i månaden etter rapporteringsfristen til statsrekneskapen. For rekneskapen per 31. desember vert rekneskapen lagt ut fyrste arbeidsdag i månaden etter at rekneskapen er bekrefta av departementa, normalt fyrste arbeidsdag i mars.

DFØ forvaltar ei utvida publiseringsløysing som er tilgjengeleg på statsregnskapet.no. Det er mellom anna betre høve til å søke i data og nytte desse til analyse og samanlikning av ressursbruken mellom statlege verksemdar og over tid. Siktemålet er å gjere rekneskapsinformasjonen betre tilgjengeleg og nyttig for eit breitt publikum. Publiseringsløysinga omfattar, i tillegg til bruttobudsjetterte verksemdar og forvaltningsverksemdar, òg nettobudsjetterte verksemdar med visning av tal både frå resultat- og balanserekneskapan, jf. pkt. 6 ovanfor.

## 8. Forvaltning

Forvaltninga av statsrekneskapan ligg til DFØ. Som del av denne oppgåva fastset DFØ nærare krav til rekneskapsrapportane og gjev retningslinjer for korleis verksemdene skal rapportere.

Sjå nettsidene til DFØ for meir informasjon: <https://dfo.no/fagomrader/statlig-regnskap/rapportering-til-statsregnskapet>.

Retningslinjene og oppdatert informasjon om standard kontoplan finst på nettsidene til DFØ. Sjå lenka <https://dfo.no/fagomrader/statlig-regnskap/standard-kontoplan-statlige-virksomheter>.

Statens kontoplan for statsbudsjettet og statsregnskapet (R-101) finst her: [Statens kontoplan for statsbudsjettet og statsregnskapet \(regjeringen.no\)](https://regjeringen.no)

Har du spørsmål om rapporteringa til statsrekneskapan, ta kontakt med DFØ:

Seksjon for regelverk og statsregnskap  
E-post: [statsregnskap@dfo.no](mailto:statsregnskap@dfo.no)

Med helsing

Trond Høyde (e.f.)  
avdelingsdirektør

Torstein Sørbotten  
fagdirektør

Vedlegg (5)  
Kopi: Stortingets administrasjon  
Riksrevisjonen  
Direktoratet for forvaltning og økonomistyring

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*



**Vedlegg 1** Månadleg saldorapport (S-rapport) til statsrekneskapen skal innehalde rekneskapslinjer med følgjande informasjon:

Statskonto	Artskonto	Saldo	Merknad
Kkkkpp	aaa	000 000	Ein rad for kvar aktuelle statskonto i løyvingerekneskapen i nummerserien 0001-5999. Kapittel og post utgjer 6 siffer. For post 24 nyttar forvaltningsverksemdene 8 siffer (underpost).  Artskonto etter standard kontoplan på obligatorisk nivå, normalt på 3 siffer.
60xxxxxx	19x	000 000	Ein rad for kvar tilviste 8-sifra statskonto i 60-serien i kapitalrekneskapen til verksemda sine bankkontoar/oppgjerskontoar i Noregs Bank.  Artskonto 19x, der 193 nyttast for bankkonto innbetaling, 194 nyttast for bankkonto utbetaling og 195 nyttast dersom verksemda har tatt i bruk ein oppgjerskonto som dekkjer både inn- og utbetaling.
7xxxxx	1980/1970 1xx 2xx	000 000	Eigen 6-sifra statskonto i 70-72-serien i kapitalrekneskapen til verksemda sitt mellomvære med statskassa.  Statskontoen skal spesifiserast med artskontoar i fleire rader:  Artskonto 1xx for spesifikasjon av verksemda si beholdning av eignedelar.  Artskonto 2xx for spesifikasjon av verksemda si beholdning av gjeld.  For nærare omtale av artskonto1980 (1970) <i>Mellomvære med statskassa</i> , sjå rettleiing til standard kontoplan og omtale av kontogruppe 19. Her vert og overføring av balansekontoar til nytt år omtalt, jf. <a href="https://dfo.no/fagomrader/statlig-regnskap/standard-kontoplan-statlige-virksomheter">https://dfo.no/fagomrader/statlig-regnskap/standard-kontoplan-statlige-virksomheter</a> .  Samla rapportering av IB og beholdningar av mellomvære over statskonto 7xxxxx svarer til netto endring av mellomvære.
6000-9999	xxx	000 000	Normalt 6-sifra statskonto dersom verksemda er tilvist andre kontoar i kapitalrekneskapen å rapportera på i S-rapporten enn bank og mellomvære.  Artskonto etter standard kontoplan på obligatorisk nivå, normalt på 3 siffer.

Kvar rekneskapsline skal i tillegg innehalde fullmakt til postering på statskonto. Z1 (eiga konto/fullmakt) eller Z2 (framand konto/belastningsfullmakt) er gyldige verdiar her.

Rekneskapsrapporten skal sendast elektronisk til statsrekneskapen. Sjå meir om rekneskapsrapporteringa på: <https://dfo.no/fagomrader/statlig-regnskap/rapportering-til-statsregnskapet>.

## Vedlegg 2

Felleskontoar som skal rapporterast som *Eiga fullmakt* til statsrekneskapen.

Kap 5309 Tilfeldige inntekter,  
post 29 Ymse  
post 85 Andre inntekter  
post 96 Sal av aksjar mv.

Kap 5341 Avdrag på uteståande fordringar,  
post 91 Alminnelege fordringar

Kap 5502 Finansskatt,  
post 70 Skatt på løn

Kap 5603 Renter av statens kapital i statens forretningsdrift,  
post 80 Renter av statens faste kapital  
post 81 Renter av mellomvære

Kap 5605 Renter av statskassas kontantbeholdning og andre fordringar,  
post 81 Av verdipapir og bankinnskott i utanlandsk valuta  
post 83 Av alminnelege fordringar

Kap 5700 Folketrygdas inntekter,  
post 72 Arbeidsgjevaravgift

### Vedlegg 3

#### Saldo på oppgjerskontoar ved årets slutt

Noregs Bank fører saldo på verksemda sin(e) oppgjerskonto(ar) slik at kontoane syner 0 (null) ved starten av nytt rekneskapsår. Saldo på oppgjerskonto(ar) vert nullstilt ved at saldo vert ført over til statskassas årsoppgjerskonto i Noregs Bank. Tømming av oppgjerskontoane skal skje i fyrste rekneskapsperiode (januar) og ikkje siste rekneskapsperiode (desember). Tømmebeløpet vil gå fram av fyrste kontoutskrift frå Noregs Bank for januar.

Verksemda skal ved overføring av utgåande balanse til nytt rekneskapsår bokføre saldoen på oppgjerskontoen mot konto 1990 avrekning med statskassa i kontospesifikasjonen, slik at saldo på dei oppgjerskontoar verksemda disponerer viser 0 (null) ved starten av nytt rekneskapsår. Nullstillinga av saldo ved overføring av utgåande balanse til nytt rekneskapsår skal ikkje inngå i årets bevegelsar på oppgjerskontoen(e), og heller ikkje i årets bevegelsar som rapporterast til statsrekneskapen.

Unntak frå denne prosedyren er nettobudsjetterte verksemder og fond der behaldningar på oppgjerskontoane vert overførte til nytt år.